

Møteinnkalling

Utval:	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3.etg., Fylkeshuset, Bergen
Dato:	01.02.2017
Tid:	09:00

Du vert med dette kalla inn til møte onsdag 1. februar 2017 kl. 09:00-14:00

Dagsorden:

- kl. 09:00-09:30 Orientering om arbeidet med handlingsplan for menneskeverd.
- kl. 09:30-09:50 Orientering om «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft».
- kl. 09:50- 11:30 Sakshandsaming
- kl. 11:30-12:00 Lunsj
- kl. 12.00-14:00 Sakshandsaming, forts.

Dersom nokon av rådet sine medlemar ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemar i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland
Kjell Håland
-leiar-

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/17	Godkjenning av sakliste		
PS 3/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 4/17	Referatsak (meldingar)		
PS 5/17	Høring på ny byggteknisk forskrift, TEK 17	2017/485	
PS 6/17	Høring - NOU 2016: 17 På lik linje. Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming.	2017/485	
PS 7/17	Invitasjon til høring - Direkte tilgang til fysioterapeut uten henvisning fra lege	2017/485	
PS 8/17	Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2017/485	
PS 9/17	Ymse		

PS 1/17 Godkjenning av møteinnkalling

PS 2/17 Godkjenning av sakliste

PS 3/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 4/17 Referatsak (meldingar)



Arkivnr: 2017/485-1

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	5/17	01.02.2017

Høring på ny byggteknisk forskrift, TEK 17

Uttale til høring blir fremlagt i møte den 01.02.2017.

<https://dibk.no/byggereglene/horinger/hoyringar/forslag-ny-byggteknisk-forskrift/>

Kjell Håland
leiar



Arkivnr: 2017/485-2

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	6/17	01.02.2017

Høring - NOU 2016: 17 På lik linje. Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming.

Uttale til høring blir lagt fram i møte i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, den 01.02.2017.

<https://www.regjeringen.no>

Kjell Håland
leiar



Arkivnr: 2017/485-3

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	7/17	01.02.2017

Invitasjon til høring - Direkte tilgang til fysioterapeut uten henvisning fra lege

Uttale til høring blir lagt fram i møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, den 01.02.2017.

Kjell Håland
leiar



Arkivnr: 2017/485-4

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	8/17	01.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017
Fylkestinget		07.03.2017

Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland

Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal kvart år leggje fram årsmelding for fylkestinget, seinast i juni månad. Dette går fram av regelementet for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne punkt 2. Arbeidsutvalet for rådet har utarbeid tekst til årsmeldinga for 2016.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget. 3 medlemmer bør veljast mellom medlemmene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval. 4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinget vel leiar og nestleiar. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvart år.

I årsmeldinga for 2016 har vert det gitt ei orientering om arbeidet og oppgåvene til rådet for 2016. Nokre av desse sakene gjeld Universell Utforming av til dømes bygg, både nybygg og rehabilitering av bygg. I årsmeldinga vert det og gjort greie for synfaringar som medlemmane har vore på, og om temadagen som rådet arrangerte for dei kommunale råda. Det vert og gjeve ein kort oversikt over høyringar der rådet har uttala seg.

Forslag til innstilling

Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den ligg føre.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

1. Vedlegg: Årsmelding 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Årsmelding 2016

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne



Samansetning av rådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert valde for den kommunale valperioden.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå 01.01.2016:

Leiar:	Kjell Håland, A
Nestleiar:	Kjell Søvik, FFO
Medlem:	Solbjørg Marjala, FL R/SV/Sp/KrF
Medlem:	Kirsten Syljeset, H
Medlem:	Harald Norheim, SAFO
Medlem:	Inge Fiskvik, FFO
Medlem:	Nina Murberg, FFO
Varamedlem:	Kari Sørensen Bernardini, A
Varamedlem:	Toralv Mikkelsen, A
Varamedlem:	Jette Lunemann Hansen, A
Varamedlem:	Tore Svane, FFO
Varamedlem:	Siri Fransson, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	Jostein Ljones, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	Beate Husa, FL R/SV/Sp/KrF
Varamedlem:	May Eva Sandvik, H
Varamedlem:	Ragnhild Fagerbakke, H
Varamedlem:	John Torgeir Torsvik, H
Varamedlem:	Sissel Johnsen, SAFO
Varamedlem:	Laila Grosvold Nygård, FFO
Varamedlem:	Asbjørn Halsebakke, FFO

REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

1. Samansetjing

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget.

3 medlemmer bør veljast mellom medlemene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval.

4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innan sitt arbeidsområde:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Oppgaver for rådet i 2016

I 2016 har "Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Hordaland" (RMNF) hatt 6 møter og behandla 49 politiske saker og 44 referatsaker. Mange av sakene handlar om fysisk tilgjenge, til dømes i samband med opprusting og utbygging av vidaregåande skular og tannklinikkar, men rådet er også opptatt av at andre grupper skal få dei same rettane, m.a. høyrselshemma, synshemma, miljøhemma. Det er tydeleg at fylket sin eigeomsavdeling etter kvart har opparbeida kompetanse når det gjeld Universell Utforming (UU) av bygg, både nybygg og rehabilitering av bygg. Dette kan ein sjå igjen i planane.

Når det gjeld samferdsel, så er dialogen for ein stor del retta mot Skyss. Skyss sin billettapp har ikkje fungert tilfredsstillande i 2016, då appen "voice over" ikkje har virka. Dette er eit viktig hjelpemiddel for svaksynte. RMNF har purra på Skyss, og Skyss har purra på leverandøren, som igjen har lova og lova. Den 21.11.16 fekk rådet melding om at problemet no var fiksa. Dette hjelpemiddelet gjeld berre Iphone og ikkje Android, så det er framleis ikkje tilfredsstillande.

Ei anna utfordring på samferdselssektoren er tunellar under 500 meter. I samband med skredsikring og anna opprusting av vegnettet, får ein stadig nye tunellar til erstatning for skredutsatte vegar. Rådet har bede om å få ei oversikt over tunellar under 500 meter, der bilar, gåande og syklande må dela vegbana. Her ønskjer rådet fysisk skille mellom harde og mjuke trafikkantar. Denne saka har ein nettopp byrja å sjå på, så den vil nok koma oppatt i neste årsmelding.

Rådet har vore på synfaring ved den nye tannlegevakten i Solheimsgaten 18, i Bergen. Rådet har og vore på synfaring på Hordaland teater, i samband med flytting frå Stend til Bergen sentrum. Her vart rådet orienterte om planar og tilrettelegging om universell utforming av teateret. I året 2016 har rådet gjennomgått brann- og evakueringsrutinar i fylkesbygget og har gjennomført 2 evakueringsøvingar. Desse øvingane har vore leia av driftsleiar ved fylkesbygget.

Dette rådet vart vald hausten 2015 av fylkestinget. Då det ikkje vart lagt opp til opplæring for rådet sine medlemmer, valgte rådet å arrangera si eiga opplæring, og inviterte alle dei kommunale råda i Hordaland til å delta. RMNF gjorde dette til ein 2-dagars konferanse, der dag 1 var opplæring for råda, og dag 2 handla om fråfallet i skulen. Ein svært vellukka konferanse, der tilbagemeldingane var eintydig positiv, med ønskje om å få til ein årleg konferanse i fylket, der dei kommunale råda kunne få delta. Dette har no RMNF vedtatt å gjennomføra som eit årleg foretak.

På forsommeren fekk dei fylkeskommunale råda ein førespurnad frå Deltasenteret/Bufdir om å arrangera den årlege landskonferansen for alle fylkesråd i landet. Det vart ingen landskonferanse i 2016, men rådet i Hordaland vil vere medarrangør for Landskonferansen 2017 saman med råda i Rogaland og Sogn og Fjordane. Ein del av førebuingane vart gjort i 2016.

Fleire av rådet sine faste medlemmer har deltatt på nyttige konferansar og kurs, som for eksempel:

- «Kurs om hørselshemming og Universell Utforming av bygg».
- «SOR konferansar for utviklingshemma». (SOR: Samordningsrådet for arbeid for menneske med utviklingshemming.)
- «Brukerkonferansen 2016»
- Statped sin konferanse, «Utstyrt for fremtiden?»
- Nasjonal kompetansetjeneste for barn og unge med funksjonsnedsettelse
- Hordaland fylkeskommune sin Regional plankonferanse, K5 Universell utforming, Bergen.
- "Nettverk for Universell Utforming i regional og lokal kollektivtransport».

I løpet av eit år er det også ein del høyringar, nokon er ein invitert til, og andre som rådet fangar opp. Ei av desse høyringane handlar om revisjonen av kommunelova, og i høyringsnotatet står det: ” Departementet foreslår i høyringsnotatet å oppheve eldrerådslova og lova om råd for menneske med nedsett funksjonsevne og erstatte dei med ei ny generell føresegn i kommunelova om råd i kommunane og fylkeskommunane for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing, i tillegg til forskrifter med utfyllande reglar for desse to ordningane.” Her ga rådet ei positiv uttale.

Andre høyringar er:

- «Uttale til Nasjonal transportplan 2018-2029»
- « Innspel til Folkehelsearbeidet»
- «Uttale til rullering av Skulebruksplanen 2017-2030»
- «Hordaland fylkeskommunes sitt budsjett for 2017»
- «Innspel til Regional transportplan».

RMNF har invitert ulike avdelingar i fylkeskommunen til å koma og halda orienteringar for rådet.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Januar 2017. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

PS 9/17 Ymse